

ELGJAKTA 1994

1. Me samlast søndags mårran – elgjakta er i gang
Køllane er første stopp – om du er liten eller lang.
Nokon blir att for å drive, andre sit på post -
Eg sit og ventar på elg på Køllane utan Radio.
2. 2 elgar fall frå børsene til Jon Terje, Nina og Knut
og alle unntatt eg visste at begge var ein stut!
Eg sit og ventar på elg på Køllane utan Radio.
3. Vomma må ut og elgane blir dregne fram
opp på lasteplanet på bilen til Joar Strand!
Så bers det til Skarstøl for oppheng og stell
det er lenge att til det dreg seg mot kvell.
Eg sit og ventar på elg på Køllane utan Radio.
4. Måndag er det utrygt for firbeinte på Ruk og Kruk
men lite å se – ikkje eingong ein liten stut.
Bom, bom! Sa det, elgen sprang sin vei
EU-elg sa nokon – denne stemte visst NEI!
Eg sit og ventar på elg på Køllane utan Radio.
5. Neste driv skal skje over Snartfjell
og etter ei stund så hører me ein smell!
Oa har skote ei ku som hamnar nedi eit kjerr
- traktor blir bruka og det er mykje bere enn ei gamal merr.
Eg sit og ventar på elg, kleiar meg på køddane på Køllane utan Radio.
6. Endeleg er dagen komen då Lyngbergheia er målet
På Platå Nøff sit Ola Vea med radio og held på stålet!
Åge & Co. frå Eikåsen er komen på plass
drevet kan byrje, men eg må på dass!
Eg sit og drit, ventar på elg på Køllane utan Radio.
7. Gamle tuffer ved seteren blir bruka til matøkt
Neste driv blir planlagt – ein hadde hørt ein bikkje søkt.
3 av oss jagar ned heia for å poste i Haukedalen
det blåser så hardt at ein mest kan bli galen.
Eg sit og ventar på elg ved Saua utan Radio.
8. Så smell det 5 skot høgt oppe i heia,
eg syns ihvertfall at det var i den leia.
Minuttane går og ingenting skjer
så kjem Per Halvor og eg syns at han ler,
Veit du, hå som har skjedd? Spør han
Nei seier eg – eg sit her og ventar på elg utan Radio.
9. Joar har skote tri
du verdens tid!
Nå er verkeleg jakta på gli
Eg sit her like blid -
utan Radio, men i sekken har eg KLI!
10. Onsdag morgon klokka fem på sju
Morten og Arne i Råna ser ein elg som ikkje er ku!
Stuten før over veien – eit skot small -
neste år tek me han på Fjellheia eller kanskje han er på Gautefall!
Eg sit og ventar på elg på Køllane utan Radio.
11. Neste stopp er Eie for der var ein stor ein hadde Haven ment
2 drivarar og 12 postar ut i skauen blei sendt.
Etter ei tid høyrde eg losen frå Fjell
og når det blei opphald så kom det fleire smell
Eg sit og ventar på elg på Køllane utan Radio.
12. Kælven var dau og kua for samme vei
Ved Korsmyr var elgjakta over i ein fei.
Kaffibål blei laga og nista smaka bra
Dalaneveien var kortaste veien å bere var det ein som sa.
Børa var tung, veien lett og ingen vasa seg vekk,
men Joar og Ingemar som sistepar ut – datt visst i ein bekk!
Eg sit ikkje lenger på Køllane og ventar på elg utan Radio.
13. Moralen må vere: Ein Radio er god å ha
då er ein forberedt og veit når ein må la.
2 gauper blei sett, men ingen visste hårr -
Radioen fortel om fersk drit og store spår!
Kanskje han utan Radio har investera til neste år.